

VALLE KOMMUNE
Postboks 4
4747 VALLE

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 06/04993-131

10.04.2024

Ark.: 326.10

Oppstart av namnesak 2024/104 – Namneleddet Homme-/Homm- /Homms-/Homs i Valle kommune

I samband med oppstart av ein verneprosess i Valle kommune har Språkrådet teke opp namnesak for namneleddet Homme-/Homm-/Homms-/Homs i stadnamn i og ved bygda Homme i Valle kommune, jf. brev datert 04.03.2024.

Kartverket nyttar samstundes høvet til å reisa namnesak for nokre relaterte namn som har skrivemåtestatusen 'uvurdert' i Sentralt stadnamnregister (SSR). Dette gjeld nokre bruksnamn som blei registrerte i SSR i samband med ei namneinnsamling i 2008-2009.

Saka vert teken opp for å få avklart rett skrivemåte for offentlig bruk.

Statens kartverk sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn.

Saka gjeld fylgjande namn med variantar av skrivemåtar:

Løpe- nr.	Namn i offentlig bruk / forslag:	Type stad:	Merknader:
1	Hommelunden	Gard 28	<i>Hommelunden</i> m.a. på Norge 1:50 000 frå 1970.
2	Hommelunden Innistog	Bruk 28/1	Sjå òg løpenr. 1. <i>Innistog</i> føreslegen i namneinnsamlinga i 2008-2009.
3	Hommelunden Nistog	Bruk 28/2	Sjå òg løpenr. 1. <i>Nistog</i> føreslegen i namneinnsamlinga i 2008-2009.

4	Hommelunden Tårstog	Bruk 28/3	Sjå òg løpenr. 1. <i>Tårstog</i> føreslegen i namneinnsamlinga i 2008-2009.
5	Hommelunden Brubakken	Bruk 28/6	Sjå òg løpenr. 1. <i>Brubakken</i> føreslegen i namneinnsamlinga i 2008-2009.
6	Hommelunden Systog	Bruk 28/7	Sjå løpenr. 1. <i>Systog</i> føreslegen i namneinnsamlinga i 2008-2009.
7	Hommehaugen	Gard 30	<i>Hommehaugen</i> m.a. på Norge 1:50 000 frå 1970.
8	Hommehaugen Oppigard	Bruk 30/1	Sjå òg løpenr. 2. <i>Oppigard</i> føreslegen i namneinnsamlinga i 2008-2009.
9	Hommehaugen Haugan	Bruk 30/2	Sjå òg løpenr. 2. <i>Haugan</i> føreslegen i namneinnsamlinga i 2008-2009.
10	Hommehaugen Rota	Bruk 30/3	Sjå òg løpenr. 2. <i>Rota</i> føreslegen i namneinnsamlinga i 2008-2009.
11	Hommsli	Li	<i>Hommsli</i> på økonomisk kartverk frå 1975.
12	Homfjellet Hommsfjødd Hommfjødd		<i>Homfjellet</i> m.a. på Norge 1:50 000 frå 1970. <i>Hommsfjødd</i> på økonomisk kartverk frå 1975. <i>Hommfjødd</i> føreslegen i namneinnsamlinga i 2008-2009.
13	Homsåni Hommsåne	Elv	<i>Homsåni</i> på Norge 1:50 000 frå m.a. 1970. <i>Hommsåne</i> på økonomisk kartverk frå 1975.

For fleire opplysningar om namna, sjå innsynsløysinga vår for SSR: www.norgeskart.no/ssr/. Somme bruksnamn står berre i matrikkelen og kan søkjast opp i <https://seeiendom.kartverket.no> Søk på: gnr./bnr., namnet på kommunen.

Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av m.a. naturnamn og nedervde gards- og bruksnamn. Før vi gjer vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Eigarar og festarar har rett til å uttala seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknytning til. **Saker som gjeld bruksnamn, skal eigarane få tilsende direkte frå kommunen.** Det går fram av lista ovanfor kva for nokre bruk dette gjeld.

Etter lova skal skrivemåten fastsetjast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Difor ber vi om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen. Dersom namnet vert uttalt på ulike måtar, ber vi om å få opplyst dei forskjellige uttaleformene.

Normeringsprinsipp

I tillegg til å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, skal ein som hovudregel fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten av primærnamnet vil normalt vera retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 tredje ledd i lova. Kommunen må difor ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei skal gjera vedtak.

Bruksnamn

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamn som er identiske med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet. Men etter § 5 tredje ledd i lov om stadnamn har eigaren rett til å fastsetja ein annan skrivemåte av namnet på eige bruk enn den som fylgjer av § 4 fyrste ledd i lova. Føresetnaden er at han/ho kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.). I så fall må eigaren senda krav til Kartverket og leggja ved slik dokumentasjon. Klageretten for namnet i andre funksjonar, t.d. gardsnamnet, fell då bort. Kartverket er formelt vedtaksorgan også for skrivemåten av bruksnamn fastsette av eigaren.

Vidare saksgang

Kommunen har ansvaret for å kunngjera at namnesaka er reist, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine. Kvar av partane har to månader på seg til å gje høyringssvar, frå dei mottok brevet. Kommunen har òg ansvaret for å henta inn og samordna dei lokale høyringssvara. Kommunen skal, innan tre månader frå dei mottok dette brevet, sende høyringssvara til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo (post@sprakradet.no)*, med kopi til Kartverket. Språkrådet vil så gje endeleg tilråding til Kartverket.

For opplysningar om saksgang, kontakt Kartverket på telefon 32 11 80 00. For namnefaglege spørsmål, kontakt Språkrådet på telefon 22 54 19 50.

Venleg helsing

Helge Dønvold
seksjonsleiar

Christian Mathiesen
saksbehandlar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi til: Språkrådet
Statsforvalteren i Agder

Lenkjer: [Lov om stadnamn](#)
[Forskrift om stadnamn](#)
[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)